

RAPPORT FRÅ UTDANNINGSDIREKTØRENS BESØK I SULDAL KOMMUNE, TYSDAG 19. OKTOBER 1999

INNLEIING

Føremålet med besøket

Besøket er ein del av det tilsyns- og oppfølgingsansvaret som er tillagt Statens utdanningskontor. Føremålet er primært å få eit nærare kjennskap til korleis kommunen løyser sine lovpålagde oppgåver på grunnskolen sitt område, både administrativt, økonomisk og pedagogisk, og å drøfte aktuelle skole spørsmål med den faglege og politiske leiinga.

Rapporten baserar seg på våre inntrykk ved besøket, tilsende dokument frå kommunen og annan kommunikasjon.

Opplegg og program

Opplegget omfatta besøk på Kjølvikstølen barnehage, besøk på Marvik skule der vi også hadde møte med skoleleiinga, og møte med politisk og administrativ leiing i Suldal kommune på Sand.

Deltaking

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå og førstekonsulentane Audun Gjerde og Ole Morten Svendsen.

På møtet med skoleleiinga på Marvik skule deltok Dagfinn Helland (ass. rådmann), Egil Thorsen (oppvekstsjef), Gunn Meling (leiar i hovudutvalet), Karl Gudvin Ohm (rektor), Atle Ingar Vold (fagrettleiar) og Kirsti Skogen (foreldrerepresentant).

På møtet med politisk og administrativ leiing i Suldal kommune deltok Eldbjørg Sivertsen (ordførar), Nils Ingar Korsvoll (rådmann), Dagfinn Helland (ass. rådmann), Egil Thorsen (oppvekstsjef), Gunn Meling (leiar i hovudutvalet), Johan A. Sivertsen (leiar PPT), Audun Skjelbreid (kultursjef) og Atle Ingar Vold (fagrettleiar).

Dokument

- Økonomiplan med handlingsprogram for Suldal kommune
- Årsmelding for barne- og ungdomstenesta i Suldal kommune
- Handlingsplan for IKT-satsing i Suldal kommune
- Verksemdsplan og årsmelding for Marvik skule

UTVIKLINGSARBEID

IKT

Suldalsprosjektet er eit av Suldal sine verkemiddel for satsing innafor IKT-området. Kommunen har innleidd eit samarbeid med høgskolen i Haugesund/Stord om utvikling av dette området. Hovudtema er skoleutvikling, lærarutdanning og læringsmiljø. I samband med dette har 11 lærarar med støtte frå Suldal kommune tatt ei halvårseining i data over internett. Desse lærarane representerer dei fleste skolane i kommunen. Erfaringane er gode, og desse lærarane er no ressurspersonar på sine skolar.

Skolevurdering

Suldal har saman med dei andre kommunane i Nord2- samarbeidet fått skolert tre lærarar i skolevurdering. Desse har vore utplasserte ved nokre skolar i Suldal hausten 1999, og vil fungere som ressurspersonar ved opplegg og gjennomføring av skolevurdering og kollegarettleing mellom anna.

Samarbeid

Det blir arbeidd med å få etablert nettverk der elevar og lærarar skal samarbeide på tvers av skolar, slik at kompetanse kan delast mellom skolane. Dette er viktig i Suldal fordi kommunen har mange små skolar som kvar for seg vanskeleg kan ha kompetanse på alle fagområde. Eit slikt samarbeid vil derfor kunne vere med å sikre at dei minste skolane har eit kvalitativt godt tilbod. Eit aktuelt tiltak er å tilby lærarar 1-2 vekers hospitering på andre skolar for å få etablert nettverk. Eit anna tiltak for å skape samarbeid mellom elevar på tvers av skolar er ei elevbedrift som skal utvikle/selje heimesider til privatfolk og bedrifter. Dette arbeidet skal gjerast i nært samarbeid med SULDALSPROSJEKTET. To skolar er så langt med i prosjektet.

Musikkskolen synest å vere lite med i skoleprosjekt. Her er det etter vår meining eit forbettringsområde.

Suldal har eit interessant prosjekt der lærarar kan byte skole eit par veker. Lærarane kan såleis få med seg tips attende til eigen skole.

På Marvik skule fekk vi oppleve klassesituasjonar der elevane arbeidde individuelt. Skolen har laga ein lese/arbeidssal for ungdomssteget der kvar elev har sin romslege arbeidsplass. Her arbeidde elevane etter vekeplanar medan lærarane var rettleiarar. Skolen hadde redusert ordinær klasseromsundervisning til eit minimum. Det synest som om skolen var komen eit godt stykke på veg med å ta i bruk nye arbeidsformer.

Suldal har hatt gode erfaringar med ”læringsstrategiprojektet” (Solvang-modellen). Til dømes viste ein vanskeleg 10. klasse på Sand stor forbetring etter at dette prosjektet var gjennomført. Kommunen meiner at prosjektet bør utvidast til fleire fag, slik at faggruppene blir tona ned og ein tenkjer meir heilskap i staden for fag for fag.

Barne- og ungdomstenesta

Suldal har organisert PPT under Barne- og ungdomstenesta og ikkje under oppvekstetaten, som er vanleg. Organiseringa medfører at PPT har blitt meir aktiv ute i skolane. I samband med ”bekymringssaker” i skolane blir det sett saman oppvekstteam som består av representantar frå skole, PPT, barnevern, sosiallærer og evt. barnehage. Teamet skal vere ein ressurs i spesielle situasjonar ved skolane. Kommunen er nøgd med ordninga.

Musikk- og kulturskolar

Det er spesielt for Suldal at musikkskolen og vaksenopplæringa er organiserte under kulturetaten og ikkje under skoleetaten. Utdanningsdirektøren har opplevd at dette har skapt problem m.a. i samband med rapportering. Kommunen arbeider med organiseringa av desse tenestene.

Skolebesøket

På besøket ved Marvik skule erfarte vi ein skule som var godt utstyrt, som var komen langt i utprøving av nye arbeidsformer, og som hadde god plass til elevane og aktivitetane.

Skoleleiinga gav uttrykk for at elevane burde trekkjast meir inn i arbeidet med vekeplanane enn det som var tilfellet nå. Dette synet deler utdanningsdirektøren. Vidare uttrykte foreldrerepresentanten at foreldra ser for lite av det arbeidet elevane gjer, fordi dei nå gjer leksene på skolen. Dette gjer oppfølginga i heimen vanskelegare. Foreldrerepresentanten meinte også at det bør vurderast om vekeplanane er omfattande nok.

Rektor orienterte om at skolen dei seinare åra har opplevd ein del bråk og uro internt. Ein har lagt mykje arbeid ned i å betre samarbeidsklimaet internt i personalet, og mellom lærarar og elevar. PPT og oppvekstteam har også vore med i arbeidet. Dette har gitt gode resultat, og skolen har nå fått bukt med dei fleste problema.

Marvik skule slit med mangel på lærarar med godkjend utdanning. Dette er i ferd med å betre seg noko ved at tre lærarar med cand.mag.-graden no tek praktisk-pedagogisk utdanning.

ANDRE OMRÅDE

IKT

Ved besøket på Marvik skule fekk vi sjå litt av den satsinga Suldal kommune har gjort på IKT-sida. Det var 1-2 datamaskinar i dei fleste klasseromma, og minst ein maskin i kvart rom var sett opp i nett. Skolen hadde vidare ei moderne "PC-stove" med 12 maskinar. Her var også fargeskrivar og skannar. Maskinane var kopla i nett, og hadde oppkopling mot Internett. Inntrykket vårt var at skolen er komen langt på investeringsida når det gjeld IKT. Vi har inntrykk av at dei fleste skolane i Suldal har gjort store løft på dette området.

Lærebøker

Suldal har gjort store investeringar på læreboksida. Alt materiell er skifta ut, og alle elevar har egne eksemplar av alt materiell.

Spesialundervisning og PPT

Suldal vil redusere ressursane til spesialundervisning, men samstundes styrkje ressursane til tilpassa opplæring. Dette er i tråd med L-97 og opplæringslova. Suldal har gitt og gir om lag 8 % av elevane sine spesialundervisning. Av desse er det 12 % gutar og 4 % jenter. Gjennomsnittet i fylket og på landsbasis er om lag 6 %. På Marvik skule er 2/3 av elevane gutar, og 1/3 jenter. Dette kan til dels forklare kvifor flest gutar får spesialundervisning på Marvik skule.

Nokre foreldre har uttrykt uro over at Suldal har redusert ressursane til spesialundervisning utan å auke innsatsen på tilpassa opplæring for at situasjonen skal sjå "betre" ut. Dette vart tilbakevist av oppvekstsjef.

Suldal kommune uttrykte uro over at fylkeskommunen ønskjer å sentralisere PPT for vidaregåande opplæring til Stavanger. Kommunen er uroleg for at dette vil kunne skape større avstand til PPT og til dei utfordringane tenesta står overfor ute i kommunane. Å ta bort den fylkeskommunale tenesta frå PPT i Suldal vil dessutan medføre at det faglege miljøet ved denne tenesta blir svekka. Utdanningsdirektøren lova å ta denne saka opp med administrasjonen i fylkeskommunen.

Klagebehandling

Suldal kommune ved rådmannen uttrykte sterk misnøye med Statens utdanningskontors grunngeving for vedtak ved klager på spesialundervisning. Utdanningsdirektøren lova å sjå nærare på de formuleringane som blei brukte i brev som galdt klager på dette området.

SFO

Suldal kommune meiner det bør setjast ei grense for kor lita ei skolefritidsordning kan vere. Utdanningsdirektøren opplyste at opplæringslova føreset at kvar kommune skal ha ei skolefritidsordning, men at det ikkje nødvendigvis må vere eit slikt tilbod ved alle skolar.

”Suldalsstandard”

Det er sett opp kvalitetskrav, uttrykt gjennom ein såkalla Suldalsstandard, for 17 kommunale tenestområde, mellom anna SFO, barnehagar og heimehjelp. Kommunen har prøvd å seie noko om kva for servicenivå som skal krevjast av dei ulike tenestene; innhald, kvalitet, mengd etc. Dette skal vere ein dokumentasjon og kvalitetssikring av tenestene både for tenesteytar og mottakar.

Undervisning av framandspråklege

Kommunen sitt arbeid med undervisning av framandspråklege får gode tilbakemeldingar både frå elevar og lærarar. Ifølgje kultursjefen kostar undervisninga mykje pengar, men flyktingane rapporterast å vere motiverte for å klare språkprøven.

UTVIKLINGSOMRÅDE

For å klare å oppretthalde god standard på arbeidet i skolen er det naudsynt å ha lærarar med godkjend fagleg og pedagogisk utdanning. Kommunen bør derfor vurdere rekrutteringstiltak. Det synest som om elevane kan trekkjast meir inn i arbeidet med planlegging av opplæringa, og foreldra kan involverast og informerast betre.

Utdanningsdirektøren fekk inntrykk av at samarbeidet mellom etatane ikkje var heilt avklart når det gjeld musikk- og kulturskoleaktiviteten og vaksenopplæringa. Kommunen bør sjå nærare på organiseringa av desse tenestetilboda.

AVSLUTTANDE MERKNADER

Utdanningsdirektøren vil gi ros til kommunen for satsinga innafor IKT-området, når det gjeld både utstyr og kompetanseutvikling. Vidare registrerer vi at elevane i Suldal kommune er i ei særlig heldig stilling når det gjeld lærebøker.

Utdanningsdirektøren takkar Suldal kommune og Marvik skule for god mottaking. Vi opplevde besøket som godt førebudd og tilrettelagt frå kommunen si side, og vi fekk mykje nyttig informasjon ut av møta. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.

Med helsing

Sigmund Sunnanå
utdanningsdirektør

Ole Morten Svendsen
